

sfvlpost@statsforvalteren.no

Førde, 12.02.2024

Dette brev er sendt på vegne av DNT Sogn og Fjordane Turlag, Birdlife Sogn og Fjordane, Naturvernforbundet Sogn og Fjordane, Norges Jeger- og Fiskerforbund (NJFF) Sogn og Fjordane.

## Fråsegn til arbeidet med frivillig skogvern på Svanøy i Kinn Kommune

### Oppsummert

- FNF i Sogn og Fjordane vil støtte Statsforvaltaren sitt arbeid med frivillig skogvern i Vestland Fylke
- Naturkrisa er global og vi har internasjonale og nasjonale avtalar om bærekraftsmål og vern av naturmangfald, men det er på lokal, kommunalt nivå arbeidet må gjerast
- FNF vil støtte og applaudere grunneigarar som sit på viktige skogverdiar og som vil frivillig verne desse
- Skog er ei viktig naturtype der vi finn 60 % av alla artar på fastlandet i Noreg
- Vestland har spesielt ansvar for å ta vare på skog som er sårbare her
  - Vestnorsk regnskog (temperert regnskog)
  - Edellauvskog; Eikeskog, alme-lindskog, gamal lauvblandingsskog
  - Oseanisk skog
  - Bekkekløfter i indrefjordstrøk
  - Gamle furuskogar
  - Ospeholt
  - Hassel
- FNF Sfj vil påpeike viktigheta av å verne større, samanhengande natur og naturtyper – unngå fragmentering for å bevare funksjonelle økosystem



**Statsforvaltaren i Vestland har formelt starta skogvernprosess på Svanøy i Kinn Kommune. Det tykkjer Forum for natur og friluftsliv i Sogn og Fjordane er fantastisk bra arbeid. Vi ynskjer derfor å komme med våre utelukkande positive innspel til verneprosessen.**

Naturkrisa er anerkjent både internasjonalt og nasjonalt, men det er lokalt det er naudsynt å ta dei riktige vala. Allereie i 2019 kom det internasjonale naturpanelet (IPBES) med ein tilstandsrapport for jordas naturmangfald<sup>1</sup>. Der vart den sjette utryddelsen presentert, som går ut på at vi menneske driv rovdrift på naturen vår og er ganske sikkert skyld i at vi i dag opplever ein enorm utrydding av artar fordi vi stadig bygger ned natur. Og fleire står i fare for å bli utrydda ettersom vi fortset å bygge ned natur. Naturen er det viktigaste livsgrunnlaget vi menneske har og vi får det meste vi treng frå naturen og artane som lever i komplekse økosystem. Derfor er det viktig å ta vare på naturen.

**Stortinget har bestemt å verne 10% av all skog i Noreg<sup>2</sup>.** FNF Sogn og Fjordane støttar Statsforvaltaren sitt arbeid med å redusere tapet av naturmangfald i Vestland. Eit spesielt viktig verktøy er å verne skog.

I Noreg har vi Artsdatabanken som nasjonal kunnskapsinstitusjon for naturmangfald<sup>1</sup>. Dei reknar med at om lag 60 prosent av artane som lever på fastlandet i Noreg, lever i skog. Derfor er skogtypar viktige natutypar å verne, ettersom vi ynskjer å ta vare på flest moglege organismar og fungerande økosystem.

**FNF Sogn og Fjordane er einige med statsforvaltaren om at naturmangfaldet i Vestland er under sterkt press.** Det er, som statsforvaltaren sjølv presiserer på sine nettsider om frivillig skogvern, stort utbyggingspress i Vestland Fylke, sjølv i områder utanfor tettbygde strøk. Sidan dei fleste artane i Noreg lever i skogen, er frivillig skogvern er det viktigaste tiltaket statsforvaltaren har for å ta vare på skognaturen og naturmangfaldet i Vestland. Derfor støttar FNF Statsforvaltaren i at det hastar med meir vern.

**Frivillig skogvern vil seie at grunneigarane må ville verne sine skogområde.** Til no er om lag 3% av skog verna i Vestland, fleire skogsområde har siste åra vert verna frivillig. FNF i Sogn og Fjordane vi applaudere at statsforvaltaren har skogvern som eitt av sine mest prioriterte oppgåver når det kjem til miljø og grunneigarane i Vestland som har stilt sine skogar disponible for varig vern. Det er heilt avgjerande å ta vare på mest mogleg samanhengande og intakte økosystem i skog for at vi skal nå målet om 10% vern av skog i Noreg, og for å ta vare på vestlandsnaturen vår for framtida.

## Kvifor verne skogen på Svanøy?

**Vestland Fylke har ein skogtype som vi har eit spesielt ansvar for internasjonalt, nemleg vestnorsk regnskog<sup>3</sup>.** Den oppstår i det spesielle milde oseaniske «havklimaet» vi har her på kysten vår og vi har derfor eit spesielt ansvar for artar som er tilpassa klimaet her.

Svanøy er ei øy heilt ytst i Førdefjorden. Den ligg i Kinn Kommune, sør for Florø. Berre øya Tansøy ligg mellom Svanøya og det opne hav.

På Statsforvalteren sine nettsider er øya beskrive slik:

*«Skogen på Svanøy ligg i eit variert landskap på rik berggrunn, som er noko av årsaka til den frodige og krevjande floraen på øya. I tillegg har den rike*

*kulturhistoria på øya med få, større grunneigarar bidrege til at skogen har fått bli ordentleg gamal og verdifull.*

*Arealet grenser mot sjø på fleire sider av øya og det høgaste punktet på Vågsfjellet ligg på 235 moh. Få øyer mellom Bergen og Molde har liknande variert og rik skogdekning som Svanøy, og her er den best utvikla boreonemorale regnskogen nord for Sunnhordaland. Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone, i sterk oseanisk seksjon.»*

Svanøy er ei øy med mange viktige naturverdiar<sup>3</sup>. Det er ei øy med rike edellauvskogar som er ei spesielt viktig og sårbar naturtype på vestlandet. Det skal vernast 5218 dekar skog. Det er eit bra stort området. FNF Sogn og Fjordane vil likevel påpeike viktigheita av at slike verna områder er samanhengande og at naturtypar ein ynskjer å verne innanfor området også er større, samanhengande områder. Det er viktig for at økosystema skal halde seg funksjonelle.

Tilbudsområdet dekkjer store delar av skogen som finst på Svanøy. Skogen er beskrive av Statsforvaltaren slik:

*«Skogen på Svanøy ligg i eit variert landskap på rik berggrunn, som er noko av årsaka til den frodige og krevjande floraen på øya. I tillegg har den rike kulturhistoria på øya med få, større grunneigarar bidrege til at skogen har fått bli ordentleg gamal og verdifull.*

*Arealet grenser mot sjø på fleire sider av øya og det høgaste punktet på Vågsfjellet ligg på 235 moh. Få øyer mellom Bergen og Molde har liknande variert og rik skogdekning som Svanøy, og her er den best utvikla boreonemorale regnskogen nord for Sunnhordaland. Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone, i sterk oseanisk seksjon.»*

Videre beskriv Statsforvaltaren naturverdiane slik:

*«Tilbudsarealet inkluderer 14 naturtypelokalitetar med m.a. fattig og rik boreonemoral regnskog, rik edellauvskog, gammalskog av både boreal barskog og lauvskog, låglands- og kystfuruskog, samt ein lokalitet av gamal svartorsumpskog. Det finst ikkje tilsvarande skog med kombinasjon av denne storleiken, alder, berggrunn, variasjon og klima på Vestlandet, noko det høge talet av sjeldne, sårbare og truga artar er levande bevis for.*

*Boreonemoral regnskog og rik edellauvskog er høgt prioriterte skogtyper å verne meir av i fylket vårt. Varmekjær kjeldelauvskog med svartor er svært sjeldan, men finnast innanfor tilbudsområdet.»*

## Konklusjon:

Fordi skogvernet på Svanøy dekker eit slikt variert landskap, på rik berggrunn, som er grunnen til at der er frodig og krevjande flora, meiner FNF Sogn og Fjordane at Svanøya er eit spesielt viktig vern. Vi ynskjer å gi støtte til og applaudere Statsforvaltaren og grunneigarane som ynskjer å verne denne spesielle og viktige skogen. Den er viktig fordi den ikkje er hogd ned, men har latt vekse og gro, då gammalskog med mykje daud ved er spesielt bra for eit høgt antal raudlisteartar.

Venleg helsing

**Forum for natur og friluftsliv Sogn og Fjordane**

*Ket Fossen*

---

Ket Fossen  
Koordinator  
FNF Sogn og Fjordane

- 1 - <https://www.statsforvalteren.no/nn/vestland/miljo-og-klima/verneomrade/frivillig-skogvern-i-vestland/>
- 2 - <https://www.statsforvalteren.no/vestland/miljo-og-klima/verneomrade/nye-naturreservat-i-fylket-femner-om-edellauv-i-ardal-og-regnskog-i-kinn/>
- 3 - <https://www.statsforvalteren.no/vestland/hoyringar/2023/11/vi-startar-verneprosess-for-svanoy-naturreservat-i-kinn/>